

Årsmelding for Fedje sokn 2018

Sokneråd: Leiar: Lars Svendsen

Nestleiar: Olav Husa (Jostein Husa som vara)

Faste medlemmar: Ragnhild Husa, Anders Bergsland (til mai), Tone Sævi (frå mai), Erling Walderhaug, Jostein Husa og Per Børge Hillestad.

Sekretær: Mia K. Etokebe

1.vara: Tone Sævi (i soknerådet frå mai), 2.vara: Iris Waage, 3.vara: Solrunn Gullaksen, 4.vara: Anna Marit Stormark og 5.vara: Turid Moldøen

Felle råd: Leiar: Lars Svendsen

Nestleiar: Olav Husa

Faste medlemmer: Ragnhild Husa, Anders Bergsland (til mai), Erling Walderhaug, Olav Husa, Per Børge Hillestad, Tone Sævi (frå mai) og Kristin Handeland (kommunerepresentant)

Personlig vara for Kristin Handeland: Ottar Tangen. Kristin har vert i permisjon i 2018 og Ottar Tangen har delteke på møta.

Daglig Leiar: Mia K. Etokebe

Hovudansvaret for Soknerådet står i §9 i Kyrkjelova.

Soknerådet har hatt 8 møter. 3 av desse har og vert Felle rådsmøte. Vi har behandla 65 soknerådssaker og 16 felle rådssaker.

Nokon sakar som har vert behandla i 2018:

- Budsjett
- Gjeverteneste / ekstraprest
- Festeavgifter
- Trusopplæring
- Ny veg til kyrkja
- reperasjonar og forbetringar på gravplassen
- ungdomskveldar



Aktivitetar soknerådet driv:

Gudstenester, Konfirmantarbeid, Ungdomskveldar, Ungdomskor, Kvardag og helg, trusopplæringstiltak som tårnagentar og La det gro, andre faste tiltak, Ope kyrkje om sommaren, konsertar, samarbeid med Indremisjonen. Salmekveldar og bibelundervisning. Vi er oppdaterte på facebook under Fedjekyllkja og har eiga heimeside: www.kyrkja.no/fedje

Her vil de finne info om ting som skjer og alle innkallingar og referat vil bli lagt ut der.

Gudstenester:

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Gudstenester totalt	20	24	25	23	20	20	23
Dåp	9/4	7/4	4/3	5/4	2 (1)	0	8 (4)
Konfirmantar	6	11	4	13	4	8	11
Vigsle	2	2	2	2	1	2	3
Musikkandaktar/konsertar	1	10	5	2	3	4	8
Tal på deltakarar i gudstenestene	2681	2120	2014	2295	1576	1712	2358

Gudstenester utanom Fedje kyrkje:

I år samarbeida vi med fiskefestivalen og hadde gudsteneste på Taraldsevjo på St.Hans afta. Samtalegudstenesta skjer i samarbeid med Austrheim og vert held i Austrheim kyrkje, den er likevel ein av våre gudstenester.

Gudstenester og andaktar på sjukeheimen:

Prest og kantor har vert på sjukeheimen og hatt 14 andaktar. Det blei og holdt 2 gudstenester der i år.

Gudsteneste i samarbeid:

Samtalegudstenesta blei held i Austrheim kyrkje med Fedje og Austrheim konfirmantane i lag.

Kyrkjekaffi/kvelds:

I 2018 har vi hatt kyrkjekaffi på 7 av gudstenesta.

Økonomi.

Soknerådet fekk i 2018 sine økonomiske midlar frå kommunen (897.000,-) og gjevarteneste (Meir prest, Basar, Kvardag og Helg gåver og ofringar i kyrkja).

Offer

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Samla offer	74632	88257	131448	60309	54337	56795	55695

Til eige arbeid	26375	21815	86694	7589	9667	11538	14109
Gåver	37796	66264	21050	70 000	48429	39520	111234
Fasteaksjonen	12990	16663	15893	18025	16884	13820	15842

I posten gåver er basarinntekter, gåve Kvardag og Helg, gåve på bøssa i kyrkja, fast gjevertenesta og andre gåver folk har gitt til kyrkja.

Konfirmantundervisninga 2017/2018:

Vi samarbeider godt med Austrheim. Deira kyrkjemusikar og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge har hatt hovudansvaret for det administrative arbeidet. Mia Etokebe har det pedagogiske og praktiske ansvaret og har kontakta med konfirmantar, leiarar og foreldre. Per Børge Hillestad har også vert med i konfirmantarbeidet i 2018. Undervisningsopplegget er framleis Kristuskransen.

Konfirmantmiddag med føresette var 22. mai med mat frå Losen kafé. Vi åt saman og etterpå gjekk konfirmantane opp i kyrkja og øvde til konfirmasjonen saman med Per Børge og Mia Etokebe. Konfirmasjonsdagen var laurdag 26. mai. Per Børge Hillestad, Mia Etokebe og Ivar Mæland leia konfirmasjonsgudstenesta. Hausten 2018 var det Mia Etokebe som har hatt konfirmasjonsundervisninga på Austrheim. Mia har no ein 30% stilling i Austrheim som kateket. Denne kateketstillinga omfattar ikkje lenger trusopplæringa på Fedje. Konfirmasjon 2019 er laurdag 25. mai.

Ungdomsklubben/kveldar/samlingar:

Vi hadde 4 ungdomskveldar i 2018. Ein vanleg klubbkveld, ein filmkveld med pizza, ein ei bibelgruppesamling, og ein delekveld. Jostein Husa og Mia Etokebe, men Per Børge Hillestad og ungdomen sjølv har og vert med å arrangere mykje, grunnen for at det er mindre aktivitet er fordi klubb annakvar fredag har ikkje hatt mykje oppslutning og vi vil heller lage gode samlingar med innhald dei ønskjer og treng, enn å bare halde ope for å halde ope. Ein god gjeng ungdomar var med Per Børge Hillestad på Impuls også i år 26.28. januar, og delekvelden kom i etterkant av den turen.

Ungdomane sjølv fiksa overnatting i Knarvik og blei med på nattcup 7-8. april. Da leigte dei misjonshuset, så dei hadde ein base og er med på det som skjer i Nordhordlandshallen i løpet av kvelden og natta. Dette er arrangert av NLM og Fedje ungdomane har vert med i ein årrekkje.

Dramagruppa:

Per Børge Hillestad har leia ein gruppe på 6 ungdomar som har hatt samlingar kvar veke i kyrkja. Hovudsakleg på onsdagar. Her deler dei tru og liv og lagar drama saman.

Ten Sing/Ungdomskor

Ten Sing, eller ungdomskoret som dei nå heitar, lever i beste velgåande med Monica Thomassen Waage og Elisabeth Tunglund som musikalske leiarar. Vi bestemte i aust å melde oss ut av KFUK-KFUM grunna vi ikkje klarte dei krava som er for å drive Ten Sing. Det er 16 ungdomar med i koret. Dei er alle i alderen 13-17 år. Dei øver til vanleg i kyrkja måndagar frå 17-18.

Leiartrening:

Dette er og eit samarbeid med Austrheim. For dei som er konfirmert og som ønskjer å bidra i konfirmant- og trusopplæringsarbeidet vidare.

Kvardag og Helg:

Kom ut 4 gonger i 2018. Påska, sommar, haust og jul. All skriving og distribusjon av bladet vert gjort på dugnad. Innsamling av stoff til Kvardag og Helg har Grete Herøy, Ingrid Nilsen, Ragnhild Husa og Per Børge Hillestad hatt ansvar for. Trykkeriet vi brukar heitar Grafisk husprintservice. Redaksjonen jobbar godt saman under Grete si leiing. Soknerådet er med å få bladet ut til alle husstandar på Fedje. Og også folk som ikkje bur på Fedje får tilsendt bladet om dei ønskjer.

Tårnagentar:

2. og 3. klassinger var samla eit par timar i kyrkja for å lære om symbolikk og løyse gåter. Agentane var i kyrkja laurdag 6. januar. Dei beli betre kjent med kyrkja og fekk og sjå på klokka i tårnet. Søndag var dei med i gudstenesta og 2. klassingane fekk utdelt boka «tøffe bibeltyper».

La det gro:

5. klasse fekk utdelt bibel i gudsteneste også i år, men denne gongen var det bare ein 5. klassing som fekk bibel. Derfor blir han invitert med i 2019 på La det gro samling saman med årets 5. klassinger som skal få bibel.

Prosjektet «Meir prest på Fedje»

Det er blitt samlet inn 46.500,-til dette prosjektet.

Per Børge Hillestad er blitt engasjert i ein 20 % stilling, og skal fordele arbeide sitt slik:

10% G2, 5% Diakonalt arbeid og 5% ungdomsarbeid



Hausten 2018 å starte G2 opp med gudstjenester. Vi har hatt 3 gudstjenester denne hausten. Det er mange frivillige som er med å bidrar med sine nådegåver slik at vi samen har fått 3 flotte samlingar.

50 års konfirmantar:

50 og 51 års konfirmantane hadde samling 26. august i forkant av gudstenesta. Dei fekk middag og kaffi og kaker. Det var 22 50 års konfirmantar og mange hadde med følgje. Neste gang vi arrangerer 50 års konfirmantfest er i 2020.

Konsertar:

Med ein organist som Ivar Mæland er vi heldige og har fått fleire flotte orgelkonserter i løpet av året. Han deler av sin kunnskap og vi får glede av høgkulturelt orgelspel heilt gratis. I 2018 held han 2 konsertar over Bach og andre kjente komponistar. Ein i april og ein i juni.

Fana kammerorkester hadde ein flott sommarkonsert for oss, også denne var det det Ivar Mæland som orda for oss.

12. mai hadde vi konserten «Over stjernebru» i Fedje kyrkje. Det var Askvik 5 med gode venner som framførte fine salmar og andre kjente songar.

Vi fekk igjen oppleve Lisbeth Stuberg og Anders Bergsland den 2. desember. Dette var 3. året dei har laga ein nydeleg julekonsert for oss.

Vår lokale julekonsert gjekk av stabelen 12. desember og den var sjølv sagt den beste nokon sinne. Mange aktørar bidrog til ein super kveld. Husbandet «Glitter og Stas» var med også i år. Organisten hadde hovudansvaret og sydde saman eit fint program med varierte artistar. Lokale blåsarar, kulturskulen, rockeklubben, musikkorpset, Koral og Fedjekostane bidrog til ein fantastisk konsertoppleving.



Babettes gjestebod ble vakkert spilt 24. oktober i kyrkja vår. Hordaland teater kom med sitt «one man show» og dei som var til stades fekk ein fin oppleving.

Avskjedsforedrag:

Geir Sørebo vart pensjonist i 2018 og det markerte vi med eit foredrag frå ham den 2. mai i Fiskarheimen.

Salmekveld:

I 2018 hadde vi 3 flotte salmekveldar 15. februar, 19. april og 20. september.

Open Kyrkje:

Vi hadde ope kyrkje i sommarferien frå St. Hans til skulestart. Opning og lukking av kyrkja vart gjort på dugnad av soknerådet. Det var mange innom denne sommaren og mykje av grunnen var nok at vi hadde døra ope, så folk såg at ein kunne stikke innom kyrkja. Det er mange helsingar frå mange land og stader i gjesteboka. Det er fint å sjå alle helsingane.

Medarbeidarar:

Personalet i kyrkja er samansett av prest, kyrkjemusikkar, kyrkjetenar, kyrkjegardsarbeidarar, reinhaldar, kyrkjevevje og sjølvstøtt frivillige. Fedje sokneråd kjøpar tenestar frå Austrheim sokneråd i konfirmentarbeidet. Ein del av stillingane vert dekkja inn ved at Fedje sokneråd har ein tenesteavtale med Fedje kommune. Per Børge Hillestad er tilsett i Bjørgvin bispedøme og er 25% prest på Fedje. Mia Krüger Etokebe er tilsett i 25% sekretærstilling for soknerådet og 30% kyrkjevevje for Fedje kyrkjelege Fellestråd. Ivar Mæland var organisten vår i ein 30% stilling i 2018. Frå januar 2018 blei Arve Husa vår tilsett under fellestrådet i ein til saman 37% stilling som kyrkjetenar og reinhaldar.

Inventar og utstyr:

Små reparasjonar på inventar er blitt gjort etter behov. Mikrofonar er blitt fornya og reparasjon på teppe og stol. Orgelet fekk service og piano er stemt.

Kyrkjeforeininga

Kyrkjeringen står på og held basar og seld lodd. De hadde basar 24. februar, det er mykje arbeid i dette og no er det tilgangen til kyrkja som står for tur. Dei vil hjelpe til å samle inn midlar til den nye vegen til kyrkja, så det blir betre tilkomst til kyrkja.



Underskrift:

Leiar: Lars Svendsen

For Fedjekyrkja: Mia K. Etokebe